



21 var med på den første gymstick-timen i Aktivitetshuset torsdag kveld. Janne Hjelmeland var instruktør. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frammøtet under den første trimveka i haust i turngruppa sin regi har vore noko varierende, men slik er det gjerne i sesongstarten.

For å starta med det mest negative så møtte det ingen til barnetrimmen (opptil tre år) måndag og det kom berre åtte på seniortrimmen onsdag medan fjorårsframmøtet stort sett låg rundt 18.

- Men vi gjev ikkje opp barnetrimmen i første omgang. Vi freistar att måndag. Kjem det ingen da heller, sløyfar vi denne gruppa, seier leiar Hege Lekva til uskedalen.no

Også på step måndag burde det ha vore fleire enn 10.

Det var heller ikkje fleire enn 11 på aerobic for yngre (frå tredje til sjuande klasse) onsdag, men 20 møtte fram på aerobic for eldre samme dagen og det var svært positivt.

Det er også fleire positive meldingar frå sesongstarten: - På idrettsskulen onsdag var 21 med og det er kjempebra, seier Hege.

Og torsdag kveld var ho sjølv ein av 21 deltakarar i det nye tilbodet denne hausten, det som heiter gymstick. Det er leiaren svært fornøgd med og mykje tyder på at dette enkle men svært effektive treningsapparatet blir ein slagar også i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



"Balansen blir betre og den djupliggjande muskulaturen blir styrka", heiter det i reklamen for gymstick. (Foto:Ola Matti Mathisen)